

## Møtereferat - FAU

---

Sted og dato : Aukra 10.11.2016

Utgivelsesdato: 21.11.2016

Referent: Kristine Hoksnes

Tilstede: Jostein Vengen, Rune Skeide, Jan Kåre Stubseid, Frank Vestad, Kristine Hoksnes, Renate Eilertsen Løvik, Stein-Ola Olsen, Ellen Grebstad, Malin Ilestad, Pål Ruben Varhaugvik, Hilde Merete Havnen, Lise Småge Hunnes, Wenche Cicilie Småge, Berit Eckhoff Husøy og Solveig Navestad

Sak		Status
1	<b>Referat</b>	Referat frå førre møte vart godkjent utan kommentarar.
	<b>Leiar i styret informerar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Styret har eit ynskje om at det blir meldt inn fleire saker til FAU. Neste møte er 8.desember.</li><li>• Det er orda med rom til lagring av frysarane i 2.etg på skulen. Rommet ligg ved sidan av heisen. Det blir kjøpt inn tre fryserar. Rune sjekkar ut kva som kan vere aktuelt å kjøpe.</li><li>• Rune har vore i banken å ordna med klassekontoar for kvar klasse.</li><li>• 17-mai må FAU ordne med ein betalingsanordning. Det vil bli undersøkt om det er mulig å bruke ein betalings-app.</li></ul>
2	<b>Jostein informerar</b>  <b>Mobilhotell</b> <b>(saka kom opp på møtet)</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 23.november skal lærarane på kurs i Molde. Elevane vil då bli sendt heim ein time før. Det er bestilt buss til klokken 13.15</li><li>• Mobilhotell er kjøpt inn for at det skal bli brukt kvar dag. Skapa blir låst og telefonane blir levert ut når skuledagen er over. Det er fleire lærerar i kvar klasse som har nøkkel til skapet. Det er fleire elevar som seier mobilen ligg heime og ikkje har den med på skulen utan at dette er tilfelle. Skulen og FAU ynskjer at foreldra støtter opp om tiltaket med mobilhotell og snakkar med barna sine om det.</li></ul>

3	<b>Innmeldte saker</b> <b>Skulefrukt</b> <b>Inneklima/ventilasjon</b> <b>Varslingsanlegget</b> <b>Valgnemnd</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Det har kome spørsmål om kor mykje frukt elevane får, og om dei får frukt kvar dag. Jostein informert om skulefruktordninga. Mengda med frukt som blir kjøpt inn er redusert i forhold til det som var tidligare, dette på grunn av at det vart mykje som ikkje vart ete. Elevane får no oppskjera frukt kvar dag og det ligg alltid frukt igjen. Det er nokre sortar frukt som er meir populær en andre og dei sortane blir spist opp først. Bama er leverandør av frukt og man kan ikkje påverke kva frukt som blir levert. Skulen har vore i kontakt med Coop om dei kan levele litt meir aktuell frukt.</li> <li>Det har kome inn meldingar om elevar som synes det er tung luft på klasseromma og nokon som får hovudverk. Jostein informerte om korleis skulen jobbar med dette. Teknisk avdeling har ansvaret for bygget. Det er stor variasjon på temperatur i dei ulike klasseromma, dette gjelder også luftkvaliteten. For to veker sidan vart ventilasjonen justert for å få betre kvaliteten på lufta. Etter dette har det forbetra seg. Det må vere eit visst antal meldingar for å kunne bestille måling av luftkvaliteten. Det blir oppfordra til foreldra om å seie ifrå om det er nokon av barna som fortsatt har problem med for dårlig luft i klasseromma.</li> <li>Jostein orienterte om at det har vore kontroll på varslingsanlegget. Veka før kontrollen vart brannalarmen utløyst og ute på mellomtrinnet var det vanskeleg for elvane å høre alarmen. Dette på grunn av arbeid med gravemaskin i nærleiken, vindretning og mange elevar i leik. Det vil bli montert opp ein ny høgtalar for lyden på den eksisterande er ikkje råd å stille meir opp.</li> <li>Det blei diskutert ulike løysningar for korleis man skal sikre kontinuitet i styre i FAU og korleis man skal løyse det med å få representantar til styret.</li> </ul>
4		

Referat blir lagt på Aukra kommune sine heimesider under Skole>Grunnskolar i Aukra>Gossen barne- og ungdomsskole>Råd og utval>FAU